Bra start på fiskesesongen

17.06.2012

Sjur Lothe, her ved brua ikveld, er godt nøgd med fangsten

Ein normal, bra sesongstart. Det er overskrifta ein av veteranane vil nytta etter dei 2 første dagane ved ei veksande elv. Vi les i BT at det vart fanga over 55 laksar berre det første døgnet i Etneelva.

Vår elv kan sjølvsagt ikkje koma opp mot slike kvanta men med hjelp av aukande vassføring har både tilreisande og uskedelingar fått både laks og sjøaure og er godt fornøgde så langt .

I kveld traff uskedalen.no Sjur Lothe frå Sveio som var svært så fornøgd etter å ha fått ein liten laks og to sjøaurer, den største på 2,2 kilo. Han stortrivs ved Uskedalselva og kan melda om fangst her av 6 laksar og 6 sjøaurar i fjor og 2 laksar og 10 sjøaurar året før.
Denne helga har han også høyrt om fangst av større laksar, blant dei ein så stor som 6 kilo, utan at dette er bekrefta.

- Dette er ein fantastisk fiskeplass, seier Sjur når han rundar av fisket for i dag. Han kjem attende, men han vil også fiska endel i den meir nærliggjande Vikedalselva som i likheit med andre elvar i Hordaland har vore stengt. Men han bur strategisk til også med tanke på Uskedalen - han har hytte på Seljestad.

Uskedalselva er den einaste i Kvinnherad som er ope og som heller ikkje har vore stengt.
I sesongen som no har starta håpar elveeigarlaget på fangst av i underkant av 1000 kilo ettter rekordnoteringa på 1400 kilo i fjor.
Ellers blir det spennande å sjå korleis nokre nye prisar slår ut, til dømes 1100 kroner for sesongkort. Sjur Lothe tykkjer prisen er i stivaste laget. På den andre sida kan dei under 18 år fiska gratis.

Dei tilreisande fiskarane trivs godt i Uskedalen.
Dei er fulle av lovord om tilhøva her og det gjeld ikkje minst SPAR. Ein som har vore trufast mot vår elv i mange år kan ikkje få fullrost servicenivået i butikken og han forstår fullt ut kvifor vår biutikk har gått til topps i landet. Han kan rett og slett ikkje forstå at det går an å vera så blide og hyggjelege i ein heil stab!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

To sjøaurer og ein laks var fangsten i dag